

Kontrollutvalet i Haram kommune

MØTEBOK

Møtedato: 23.09.2019, kl. 14.00

Møtestad: Tenestehuset, Brattvåg

Møtet vart leia av Sigrid Eidsvik.

Elles til stades: Eivind Davik, Grete Berbu, Åge Vikestrand og Karl Jan Fjørtoft.

Meldt forfall: John Alvestad.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå administrasjonen møtte rådmann Turid Hanken, økonomisjef Levy Lervik og einingsleiar barnehage Evy-Kristin Sæth.

Frå kommunerevisjonen møtte Solrun Aannø Tusvik.

Det kom ikkje fram merknader til innkallinga og sakslista blei godkjent.

Sak 11/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 30.04.2019.
--

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 30. april 2019 blir godkjent.

Sak 12/19 - Revisors vurdering av uavhengigheit.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. september 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Haram kommune tek revisors vurdering av uavhengigheit til vitande.

Sak 13/19 - Revisjonsrapport 2018 – Haram kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. september 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Haram kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.

Sak 14/19 - Tilråding på val av revisjonsordning og revisor for nye Ålesund kommune etter 1. januar 2020.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. september 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Haram kontrollutval innstiller til Fellesnemnda i nye Ålesund kommune om å gjere følgjande vedtak:

1. Fellesnemnda vel revisjon i eigenregi for nye Ålesund kommune.
2. Fellesnemnda vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for nye Ålesund kommune.

Sak 15/19 - Diverse orienteringar frå rådmann.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 16. september 2019

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak.

Einingsleiar Evy-Kristin Sæth ga ei grundig innføring i arbeidet med å redusere sjukefråveret og nemnde NED-satsinga i barnehagane i Haram kommune.

Rådmann Turid Hanken og økonomisjef Levi Lervik orienterte om status på saka om badeland. Kommunestyret i Haram får denne saka tilbake på sakslista 2. oktober.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Møtet var slutt kl. 15. 30. Etterpå fekk kontrollutvalet ei omvising på det nye tenestehuset i Brattvågen.

Sigrid Eidsvik leiar	Eivind Davik nestleiar	Grete Berbu medlem	Åge Vikestrand medlem	Karl Jan Fjørtoft varamedlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)